



Radøy sokn

Audun Sylta

Dato: 02.10.2017

Vår ref: 17/05727-2 as888

Dykkar ref:

Manger gravplass, Radøy. Nytt reiskapshus. Uttale frå gravplassrådgjeveren.

Bjørgvin bispedømmeråd har i brev dagsett 25.09.2017 sendt over søknad om nytt reiskapshus ved Manger gravplass frå Radøy sokn. Bispedømmerådet ber om uttale frå gravplassrådgjeveren.

Det nye reiskapshuset er plassert i det austre hjørne av gravplassen. Avstand frå Manger kyrkje til det nye bygget er omtrent 35 meter. Reiskapsbygget har ei grunnflate på 8x12m og består av ein dobbel garasje som ikkje er isolert og en verkstad, toalett, gang og bøttekott som er isolert. Utvendig er veggane kledd med liggande panel og taket som er eit skråtak har dråpeskifer.

Avstanden frå Manger kyrkje er mindre enn 60 meter og biskopen i Bjørgvin må difor gi løyve til oppføring av bygget etter kyrkelova §21.

Reiskapshuset har fått ein tilbaketrekt plassering og ligg i utkanten av gravplassen. Plasseringa kan synes god, men for å komme til bygget må ein køyre gjennom heile gravplassen. Det bør difor vurderast om det er mogleg å få til ein enklare tilkomst for køyretøy.

Avstand frå bygning til grav skal vere minst 3 meter. Dersom det skal vere utvendig lagring av masser ved bygget bør dei skjermast frå gravfeltet med vegetasjon eller eit gjerde.

Det er ikkje opplyst om farge på det nye reiskapshuset. Manger kyrkje ei listeført kyrkje frå 1891 og ho har kvitmåla, liggande panel. Reiskapshuset bør underordne seg kyrkjebygget i både storleik, utforming og fargesetting. Eg vil difor tilrå å velje ein annan farge enn kvit og helst ein jordfarge som gjer at reiskapshuset vert en naturleg del av gravplassen og omgjevnadene.

Med desse merknadene kan eg tilrå Bjørgvin bispedømmeråd å godkjenne oppføring av nytt reiskapshus på Manger gravplass i Radøy.

Med helsing

Postadresse:

E-post:
radgiver.gravplass@kirken.no
Web:
Org.nr.:

Telefon:

Telefaks:

Sakshandsamar

Åse Skrøvset

Åse Skrøvset
rådgiver gravplassaker

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Radøy sokn, Audun Sylta

Mottakere:
Björgvin bispedømmeråd, Jens Meyer